



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Haram kyrkjelege fellesråd**

Årsundvegen 11  
6270 BRATTVÅG  
Tlf: 70209370  
Faks: 70209371

Det kongelige fornyings-,  
administrasjons- og kirkedepartement  
Postboks 8004 Dep  
0030 Oslo

Brattvåg 31.01.2012  
Vår sakshandsamar: JGdeP  
Vår ref.: 12/00005-001  
Arkivkode: 130

## **Høyringsuttale om framlegg til nye bokføringsreglar for fellesråd og sokneråd**

Haram kyrkjelege fellesråd har mottatt framlegg om endringar i reglane for registrering, dokumentasjon og oppbevaring av rekneskapsopplysningar for fellesråd og sokneråd. Framlegget går i hovudsak ut på å etablere heilskaplege bokføringsreglar for fellesråd og sokneråd.

Haram kyrkjelege fellesråd synest framlegget om heilskaplege bokføringsreglar i hovudsak er godt, og at det er naturleg at det stillast mildare krav til sokneråd enn til fellesråd, med tanke på at det som regel er lågare budsjett- og aktivitetsnivå i sokneråd enn i fellesråd. Likevel har Haram kyrkjelege felleråd ein føresetnad for å kunne tilrå framlegget, nemleg at det må takast omsyn til sokneråda sin finansielle og bemanningmessige kapasitet til å innfri dei nye reglane. Dette er per i dag ikkje tilfredsstillande gjort i lovverket.

Det er per i dag i landets sokneråd svært ulik praksis når det gjeld bokføring. Dette må kunne seiast å ha bakgrunn i mangelfull lovgiving og forskrifter på dette området.

I kyrkjelova § 14 heiter det at «Kirkelig fellesråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgaver på vegne av soknene...». Og vidare: «Kirkelig fellesråd er ansvarlig for... d) anskaffelse og drift av menighets- og prestekontor.» Det er ikkje unaturleg å tolke dette som at fellesrådet har det økonomiske ansvaret for sokneråda sin rekneskapsføring og revisjon. Men dette er ikkje eksplisitt skrive og kan tolkast på fleire måtar.

I kyrkjelova § 15 heiter det at «Kommunen utreder følgende utgifter etter budsjettforslag fra kirkelig fellesråd: ... d) driftsutgifter for fellesråd og menighetsråd, herunder utgifter til administrasjon og kontorhold» Det er ikkje unaturleg å tolke dette slik at kommunen i sin tur har det økonomiske ansvaret for å dekkje utgifter til rekneskapsføring og revisjon for sokneråda. Men her òg er det høve til å tolke det på ulikt vis.

I Forskrifter om budsjettordning, regnskapsføring og revisjon for kirkelige fellesråd og menighetsråd står det ikkje noko nærare utgreidd om kven som har det økonomiske ansvaret for å dekkje utgifter til rekneskapsføring og revisjon for sokneråda.

Det synest altså som at intensjonen i lova er at fellesråd og kommune har det økonomiske og adminsitative ansvaret for rekneskapsføring og revisjon for sokneråda. Men sidan det altså ikkje står *eksplisitt* verken i lov eller forskrift at fellesråd og kommune har dette ansvaret, har det etablert seg ulik praksis på dette området:

- I nokre kommunar fører fellesrådet rekneskapen for sokneråda og dekkjer utgiftene til dette. I tilfeller der det er tenesteytingsavtale med kommunen om rekneskapsføring/revisjon, gjerast det av kommunen.
- I andre kommunar er det sokneråda sjølve som fører sin eigen rekneskap og syter for revisjon på frivillig basis. Dette vil som regel ikkje føre til nokon særleg stor kostnad for sokneråda, men vil vere relativt krevjande for dei som er kasserarar i sokneråda.
- I atter andre kommunar er det fellesrådet som fører rekneskap for sokneråda, og tek seg betalt for denne tenesta ved å fakturere sokneråda for rekneskapsføringa/revisjonen.

Det er altså (i kvart fall) tre modellar ute og går, og ein skal ikkje lenger enn til nabokommunane til Haram på Sunnmøre for å finne alle desse tre modellane i funksjon. Dette er svært uheldig. Det kan virke som departementet sjølv kanskje er uvitande om stoda i sokneråda, sidan det står i framlegget: *«Med bakgrunn i at rådene gjennomgående vil ha begrenset økonomisk aktivitet og begrenset tilgang til regnskapskompetanse, finner departementet det ikke hensiktsmessig å stille detaljerte krav utover de grunnleggende bokføringsprinsipper.»* Det kan virke som at departementet her reknar med at sokneråda sjølv skal føre sine egne rekneskap, og det er nærliggjande å spørje seg om departementet kjenner til at det er ulik praksis på dette området rundt omkring i kommunane.

I følgje kyrkjelova § 9 er sokneråda lovpålagte organ, med lovpålagte oppgåver hovudsakleg knytt til kyrkjeleg undervisning, kyrkjemusikk og diakoni. For at sokneråda skal kunne konsentrere seg om desse oppgåvene, er fellesråda oppretta for å ta seg av administrative og økonomiske oppgåver *på vegner av sokna*. Ein snakkar ofte om at sokneråda har verksemdansvar, medan fellesråda har arbeidsgjevaransvar. Begge råda representerer sokna på ulikt vis.

Derfor verkar det for Haram kyrkjelege fellesråd som at intensjonen i kyrkjelova er tydeleg nok: fellerådet har ansvar for å ivareta dei normale økonomiske oppgåvene på vegner av sokna, inkludert utgifter til rekneskap og revisjon, og kommunen har ansvaret for å dekkje kostnadene knytt til dette. Det er naturleg at i dei høve der sokneråda sjølv har stor aktivitet med egne tilsette (til dømes barnehage, turisme, dyrekлубb, osv), at dette ikkje kan kome med i denne ordninga. Men utgifter til økonomi/administrasjon av normal soknerådsaktivitet, som ikkje krev egne tilsette, og som held seg innanfor hovudoppgåvene til sokneråda slik desse er formulert i kyrkjelova § 9, bør dekkjast av fellesråd og kommune. Innanfor fellesrådet kan ein sjølvsagt kome til egne ordningar der til dømes sokneråda sjølv tek ansvar for eigen rekneskapsføring, men dette vert då på frivillig basis.

Dei fleste sokneråd har ikkje inntekter som er tiltenkt rekneskap/revisjon/administrasjon. Vanlege inntekter for sokneråd er takkoffer, konfirmantavgift, basar, osv. Dette er inntekter som for det meste er tiltenkt konkrete føremål, ikkje administrasjon og økonomi. Fellesråda derimot har offentlege inntekter gjennom kommune og stat, og vil med dette ha høve til å dekkje inn sine administrative/økonomiske oppgåver og utgifter. Derfor er det svært uheldig at nokre fellesråd jamvel *fakturerer* sokneråda for rekneskapsføring og revisjon. Særleg ettersom det verkar ganske tydeleg ut i frå intensjonen i kyrkjelova § 15 at det er kommunen, ikkje sokneråda, som skal koste dette.

Som offentlege organ, med offentlege oppgåver, bør sokneråda få dekt sine administrative og økonomiske utgifter frå offentlege løyvingar. Dette ligg det alt til rette for i kyrkjelova, og dette er jamvel realiteten for mange sokneråd. Men det trengs ei avklaring frå departementet om at det er fellesråda og kommunane sin oppgåve å ivareta sokneråda sine administrative og økonomiske utgifter, så det kan verte ein slutt på forskjellig og uheldig praksis rundt omkring i kommunane og fellesråda. Når no departementet ønskjer å stramme inn bokføringsreglane for sokneråda, vil dette vere ei naudsynt avklaring, for ikkje å påføre sokneråda enda fleire utgifter og oppgåver knytt til rekneskapsføring og revisjon.

For Haram kyrkjelege fellesråd

Jostein Garcia de Presno  
Kyrkjevevje